



Arbeidarpartiet



ULSTEIN ARBEIDARPARTI PARTIPROGRAM 2023-2027

**Trygg styring
i ei urolig tid**

**Open
Modig
Pålitelig**

Kjære veljar!

Så er vi der igjen at du som veljar får nytte din rett. Nytte din rett til å påvirke kven du meiner skal styre skuta i Ulstein dei neste fire åra.

Kven tenker du innehar dei verdier, tankar og idear som best tek i vare ombodsrolla for å få til eit Ulstein-samfunn slik du ønsker?

Ulstein skal vere ein god stad å bu, med trygghet for at du får dekt dei behova du har i ulike livsfasar. Du skal ha trygghet for at du som einskildmenneske vert sett og tatt på alvor.

Kvar og ein av oss er viktige for å få det mangfaldet vi som kommune er kjende for, og som vi er så stolte av.

Mangfaldet viser seg gjennom idrett og kultur, i offentleg- og privat næringsliv, i frivillig arbeid m.m.

Berre det å bu og leve her, viser meg kvar dag dette mangfaldet, samansett av einskildmenneske med sine ulikskapar og kvalitetar som til saman dannar samfunnet våra.

Det er dette politikk handlar om. Det handlar om at vi som menneske skal kjenne på at vi har gode og trygge liv i Ulstein. Det er dokke eg stiller meg til disposisjon for dei neste fire åra. Eg er glad i folk, og det er viktig for meg at dokke alle skal kjenne meistring og trygghet kvar dag, heile livet.

Politikk handlar om deg, meg og oss alle i fellesskap.

Difor oppfordrar eg deg til å nytte din rett og gjere di plikt, bruk stemmeretten din.

Godt val!

Eg **stiller** meg til disposisjon for Ulstein-samfunnet.



Ulsteinsamfunnet skal vere **godt** for alle.

Visjonar og verdier

Alle menneske er unike, er uerstattelege som individ og er like mykje verde. Arbeidarpartiet vil arbeide for at kvart menneske skal få likeverdige høve til å utvikle evnene sine, få den bistand og omsorg dei treng i alle livsfasar – og gjere draumen om eit godt liv mogleg.

Ulstein-samfunnet skal vere godt for alle. Ulstein Arbeidarparti strevar for likeverd, ikkje etter likskap. Velferdssamfunnet, også i Ulstein, må vidareutviklast slik at vi får jamnare fordeling av verdiane, utviklar solidaritet og sosial tryggleik for alle og dermed verkeleg fridom.

Fellesskapsressursane, i arbeidslivet, i naturen og sosialt og kulturelt må forvaltest slik at dei kjem alle til gode og med berekraft som eit grunnleggande ideal.

Arbeidarpartiet vil også vere med å oppretthalde og vidareutvikle ein kultur der enkeltmenneska kan utvikle sine eigenskapar og evner slik at det kan gje nyskaping, gründerkultur og utvikling av eit godt framtidig arbeidsliv.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL:

- Halde fram med å styrke oppvekst-vilkåra for born og unge
- Satse ekstra på veksande omsorgsoppgåver
- Vidareutvikle Ulstein som ein god kommune for alle innbyggjarar
- Vere ein modig pådrivar for å løfte og utvikle lokalsamfunnet i lag med det offentlege, næringsliv og frivillige



Nullvisjon **mot** mobbing.

Barndom og oppvekst

EIN GOD BARNDOM OG TRYGG OPPVEKST FOR ALLE

Alle barn og unge skal oppleve at det er godt å vekse opp i Ulstein kommune. Vi skal gi borna det beste grunnlaget for å bli framtida sine innbyggjarar. Då må vi ha skular og barnehagar som har plass til alle, er framtidsretta, har god kvalitet og eit godt utviklings- og læringsmiljø.

Ulstein Arbeidarparti går til val på å bevare og vidareutvikle skulestrukturen vi har i dag, og på å bygge minst ein ny kommunal barnehage. Vi skal ha nullvisjon mot mobbing og utvide satsinga på MOT og liknande tiltak. Ulstein Arbeidarparti satsar på framtida vår.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- fornye og styrke læringsmiljøet ved alle skulane
- bevare dagens skulestruktur
- sørge for at den neste kommunale barnehagen skal byggast i Hasund krins
- arbeide for å styrke og utvikle den kommunale fritidsklubben
- ha ein nullvisjon mot mobbing og fortsette å vere eit lokalsamfunn med MOT, og sikre at nødvendige tiltak vert iverksett.
- ha oppdaterte digitale verkøy og andre læremiddel til alle elevar i Ulstein kommune
- halde fram det gode arbeidet med lærlingplassar i kommunen, med mål om minst 2 kommunale lærlingplassar pr. 1000 innbyggjarar.

Helse og omsorg



HELSE – MEISTRING HEILE LIVET

Ulstein Arbeidarparti vil sikre innbyggjarane det helsetilbodet og dei omsorgstenestene dei treng i alle livsfasar. Vi skal ha fokus på tidleg innsats, og styrke dei helsefremjande tiltaka. Det er betre både for den einskilde og lokalsamfunnet om vi kan førebygge i staden for å reparere.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- arbeide for styrke tenestetilbodet ved helsestasjon for ungdom
- halde fram med å styrke teamet rundt eleven
- sikre tilstrekkelege ressursar til helse og omsorgssektoren
- satse på førebygging og tidleg innsats, med betre folkehelse og meir fysisk aktivitet
- styrke arbeidet med kvardagsmeistering i den heimebaserte omsorga, slik at fleire kan få oppfylt ønsket om å bu trygt i eigen heim så lenge dei ønskjer det
- legge til rette for at frivilluge kan bidra i eldreomsorga.
- etablere ordningar som på ein trygg måte kan oppdage og hindre utvikling av fattigdom og utanforskap i kommunen vår
- utvide og styrke bruk av velferdsteknologi og digitale verkøy, i god samhandling med menneske som jobbar i tenestene, for å heve kvaliteten på bebuartilbodet og pasientbehandlinga og auke persontryggleiken
- sette inn tiltak for å motverke einsemd
- styrke merksemda på den psykiske helsa for alle innbyggjarar

- legge til rette for heile stillingar i helse og omsorg
- ikkje privatisere og sette ut helse og omsorgstenester på anbod
- legge til grunn universell utforming ved all planlegging og utbygging i kommunen
- legge til rette for at fortetta / konsentrert utbygging skal ha plass for aktivitetstilbod og myldre plassar for alle som bur der



Fokus på
tidleg
innsats.

Kultur – idrett og fritid



KULTUR OG IDRETT – I EIT RAUST OG INKLUDERANDE SAMFUNN

Det gode oppvekstmiljøet skaper vi i fellesskap. Idretten og den frivillige dugnaden har vore viktige pådrivarar for å skape og vidareutvikle denne fellesskapskulturen i Ulstein. Desse verdiane ønsker vi å bygge vidare på.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- framleis arbeide for eit mangfaldig kultur-, idretts- og fritidsliv for barn og unge
- universell utforming skal ligge til grunn for planarbeidet på dette feltet
- framleis arbeide for utbygging av turstiar og styrke turtrimmen Stikk UT
- legge til rette for at dei etablerte turstiane og friluftsområda blir sosiale møteplassar med naturopplevingar og aktivitetsalternativ for alle innbyggjarar

- sikre og utvide ålmenta sin tilgang til strandlina og til øyar og holmar i alle delar av kommunen
- etablere fiskeplassar på tilrettelagde stader med universell tilgang
- legge til rette for at lag og organisasjonar og private aktørar kan etablere og drive gode fritidstilbod generelt og i ferieperiodar spesielt
- legge til rette for parkering ved turstiane og ved sykkelparken på Hofseth og utvide parkeringsarealet ved turstien til Hasundhornet
- satse på å utvikle Ulstein kommune som reisedestinasjon
- legge til rette for at alle kan delta i aktivitetar uavhengig av økonomi, til dømes ved bruk av aktivitetskort og opplevingskort



Det gode oppvekstmiljøet skaper vi i fellesskap.

Arbeid – næringsliv – nyskaping

SAMSKAPING MED AKTØRANE I NÆRINGSLIVET

Ulstein Arbeidarparti vil vidareutvikle god samhandling med det lokale næringslivet og med fagorganisasjonane. Vi vil bidra til så gode lokale rammevilkår som råd er. Vi vil vere ein pådrivar for at aktivt lokalt eigarskap skal oppleve ein meirverdi ved å engasjere seg i og ta medansvar for store og små lokale prosjekt. Samhandlingsprosjekt mellom det offentlege og det private kan vere med å få starta opp og gi fortgang i prosjekt som det offentlege åleine ikkje vil makte å realisere.

Ulstein Arbeidarparti vil også bidra til at sentrale styresmakter ser verdien av, og legg til rette for, at private aktørar og bedrifter kan bruke større deler av skapte verdiar i lokalmiljøet, og for vidareutvikling av eigne bedrifter.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- legge til rette for god dialog og direkte samhandling mellom det offentlege og private aktørar for å utvikle Ulstein-samfunnet vidare
- bidra til eit rettferdig arbeidsliv og godt arbeidsmiljø både i det offentleg og på private arbeidsplassar
- styrke samarbeidet med lokal fagørørsle
- greie ut korleis kommunen kan initiere og støtte gode, lokale utviklingsprosjekt og bidra til samarbeid med eksterne aktørar som kan vere med å styrke lokalt næringsliv
- bidra til, og skape møteplassar og arenaer der idéutvikling, forskning,

ny teknologi og knoppskyting kan legge grunnlag for god nærings- og samfunnsutvikling

- bidra til at planarbeid og nytenking har lokalsamfunnet og næringslivet sitt beste som plattform
- støtte oppstartsbedrifter og gründerar og bidra til grøn vekst



Vi vil bidra til så gode lokale rammevilkår som råd er.

Samferdsel – infrastruktur – trafikktrygging

SAMFERDSEL OG TRAFIKKTRYGGING

Stendig betre kommunikasjonar knyter regionen saman. Det viktigaste samferdselsprosjektet for å knyte Søre Sunnmøre saman med resten av Sunnmøre er HAFAST. Ulstein Arbeidarparti vil arbeide for gode transport- og kommunikasjonsårer i kommunen



**Pådrivar for
å realisere
HAFAST**

og i regionen, og aktivt bidra til at Stadt skipstunnel skal få positive ringverknader i området. På dette området må også universell utforming vere berande prinsipp.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- arbeide for ein framtidsretta samferdslepolitikk i området
- vere ein pådrivar for å realisere HAFAST
- arbeide for rundkøyring i Hasund-krysset, Saunesmarka og Glopen
- samarbeide med Statens Vegvesen og Herøy om nytt samband over Dragsundet
- ruste opp vegen frå Haddal til Fjelle
- jobbe mot fylkeskommunen for å styrke kollektivtrafikken mellom nabokommunane
- arbeide for å opprette FRAM Flexx-tilbodet i kommunen (bestillingstransport)
- arbeide for gangveg frå Kleven til Dimna grendehus
- sørge for trygge skulevegar slik at born som ikkje treng skuleskyss kan gå og sykle trygt til skulen
- påverke Statens Vegvesen til å bygge gang- og sykkelveg frå Garne-skrysset til Haddal
- legge til rette for styrka digital nettkommunikasjon og nettkapasitet



**Viktig at kommunen
bidreg med tiltak som
tek vare på miljøet vårt.**

Miljø – natur – berekraft



BEREKRAFTIG MILJØ

Vi skal overlata jordkloden vår til generasjonane som kjem etter. Då er det viktig at kommunen bidreg med tiltak som tek vare på miljøet vårt. Ulstein Arbeidarparti ønskjer også å gjere det lett og attraktivt for deg som innbyggjarar å velje fornybare løysingar.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- at alle nye kommunale bygg vert bygd etter ein ambisiøs miljøstandard
- etablere fleire ladepunkt for elbil i kommunen og sikre at el-nettet har tilstrekkeleg kapasitet når fleire etablerer ladepunkt heime
- samarbeide med fleire aktørar for å bruke fjernvarme

- støtte opp om arbeidet som SSR gjer - og legge til rette for vidare utvikling i selskapet
- at Ulstein kommune skal ha ei offensiv tilnærming til dei miljøutfordringane som vi både lokalt og nasjonalt står ovanfor
- gjere det lett og attraktivt for innbyggjarane å hente informasjon for å velje miljøvenlege og fornybare løysingar
- bidra til at næringsaktørar, både offentlege og private, vel å ta i bruk berekraftig energifangst både ved nyetableringar og ved utbetringar av eksisterande anlegg
- legge til rette for effektiv arealutnytting generelt, og i sentrum spesielt, t.d. ved fortetting i bustadbygginga

Kommunen som tenesteytar

Kommunen si oppgåve er å yte tenester som kan hjelpe innbyggjarane til å leve trygt og meningsfullt frå vogge til grav. Ulstein Arbeidarparti legg vinn på å vere modige, nytenkande, og ha sosial profil på utviklinga av kommunen, slik at vi kan gje gode tilbod og bidra til auka livskvalitet og bulyst for alle.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- fjerne eigedomsskatten på sikt
- ha fokus på nytenking og innovasjon for å finne betre og meir effektive måtar å løyse kommunale oppgåver på

- tenestene skal heile tida utviklast i takt med teknologiske nyvinningar - og med det enkelte menneske sitt beste i høgsetet
- legge til rette for at Ulstein skal vidareutviklast som ein servicekommune og møte alle brukarar på ein positiv måte
- at kommunen skal vise solidaritet med menneske som treng det og ta imot flyktningar når storsamfunnet ber om det
- arbeide for krematorium for Søre Sunnmøre, helst i tilknytning til ny gravplass



Leve trygt og godt frå vogge til grav.

Ein trygg kommune i ei utrygg tid



Ulstein kommune skal til ei kvar tid vere oppdatert på den utviklinga omverda gjennomlever. Det er meir uro enn på lenge, både med omsyn til fylgjene av meir krevjande miljøutfordringar – og med omsyn til pågåande konflikthandlingar i verda. Kommunen må aktiv sikre innbyggjarane både i det daglege og når meir krevjande situasjonar oppstår. Kommunen må ha hyppige rulleringar av risiko- og sårbaranalysar.

ULSTEIN ARBEIDARPARTI VIL

- det skal gjennomførast ein grundig analyse av kva kommunen bør gjere for å førebu seg også på svært alvorlege hendingar lokalt og globalt, t.d. om ytre søre blir isolert utan tilgang på elektrisk straum
- innbyggjarane skal kjenne seg trygge på at det offentlege stiller opp og har tilstrekkeleg beredskap
- kommunen gjennomgår og legg planar for behovet for tilfluktsrom og for lokale beredskapslager
- kommunen, i samarbeid med nabokommunar og aktuelle offentlege instansar syter for realiserbare planar for alternative nødløysingar for energi, kommunikasjon, vassforsyning og andre livsnødvendige forråd, og til ei kvar tid kan gi innbyggjarane god informasjon om kva som er planlagt
- kommunen og regionen skal førebu seg på at det kan verte trong om mottak av store flyktningstraumar, eller at område på kort varsel må evakuerast

- kommunen er førebudd dersom det igjen oppstår pandemiar eller lokalt svært smittsame sjukdommar
- det blir sett av tilstrekkelege ressursar til planlegging og gjennomføring av nødvendige beredskapstiltak



Tilstrekkelig beredskap i krevjande situasjoner



Trygg styring i
ei urolig tid.

Valliste for perioden 2023–2027

- | | | | |
|----|----------------------------|----|-------------------------------|
| 1 | Hanne Notøy (kumulert) | 14 | Martin Løset |
| 2 | Magne Gurskevik (kumulert) | 15 | Susanne Løset |
| 3 | Aurora Dimmen Bratli | 16 | Linn-Kristine Hoddevik |
| 4 | Ivar Kåre Mork | 17 | Anja Elise Steinnes Ertesvåg |
| 5 | Marianne Breivik | 18 | André Kaldhol |
| 6 | Magnar Hatløy | 19 | Hanne Hatløy |
| 7 | Marte Gurskevik Skeide | 20 | John Hatløy |
| 8 | Lidar Wingsternes | 21 | Sara-Celine Benberg Myklebust |
| 9 | Susanne Larsen Bektic | 22 | Simen Notøy Brandal |
| 10 | Karoline Breivik | 23 | Anne Kleppe Botnen |
| 11 | Lorentz Dalehamn Røren | 24 | Bjørn Røren |
| 12 | Nils Johan Hauge Husøy | 25 | Ottar Kaldhol |
| 13 | Cesilie Sundgot | | |

www.ulsteinarbeidarparti.no

